

2016

SOL, SYSTEMATISK ORDLEIK I TYSNESBARNEHAGANE



Tysnesbarnehagane.no

Tysnes kommune

01.03.2016

Innhold

HOVUDOMRÅDER:.....	2
FØRSKULEGRUPPA HOVUDOMRÅDE:.....	6
KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST.....	8
SPRÅKLØYPER	8
LITT OM BARNET SI SPRÅKUTVIKLING:.....	8
INNHALDET I PLANEN	9
STOPPUNKT	9
HJELPEMIDDEL.....	9
INNDELING.....	9
1. LYTTE OG SAMTALE.....	10
2. HØGTLESING, FORTELJING OG FABULERING MED HJELP AV SPRÅK OG SONG.	13
3. LEIK MED LYD, RIM OG RYTME.....	16
4. LESE OG LEIKESKRIVE.....	19
5. FØREBYGGJANDE TALEØVINGAR.....	21
6. KARTLEGGING OG TILTAK.....	24
Kontroll av hørsel	24
Kontroll av syn.....	24
KARTLEGGINGSVERKTØY	24
SAMARBEID MED PPT OG LOGOPED	25
SPRÅKGRUPPER / SPESIALPEDAGOGISK HJELP	25
SAMARBEID MED HELSESTASJONEN.....	25
OVERFØRING TIL SKULEN	25
DEI "FLINKE" BARNA.....	25
SNAKKEPAKKEN	26
SPRÅKLEIKEN BRAVO	26
FRAMANDSPRÅKLEGE BARN.....	27
UTSTYR SOM MÅ VERA I BARNEHAGANE:	27

Vedtatt i tenesteutvalet.....

HOVUDOMRÅDER:

Lytte og samtale	Mål	Tiltak
	<p>Barna skal få eit rikt og nyansert talespråk med omgrep dei har innhaldsforståing for</p>	<p>Samtale ut frå "Steg for steg" eller "Du og eg og vi to"</p> <p>Forteljarpose eller snakkestein</p> <p>Samtale ut frå ulike tema</p> <p>Nytta forteljarkort -</p> <p>Lytte til andre</p> <p>Undringshylle / hemmaleg pose</p> <p>Nytta eventyr frå snakkepakken</p> <p>Spele spel</p> <p>Nytta "Snakkepakken", læra ord og omgrep ut frå dei 7 områda</p> <p>Setje ord på opplevingar og erfaringar</p> <p>Over- og underomgrep</p> <p>Samtale i samband med arbeidet med fagområda</p> <p>Samtale om oss sjølve og sansane våre</p> <p>Samtale om dagar, månadar, år og vær</p> <p>Nytte filosofoboka: «Filosofiske samtaler i barnehagen»</p>



Høgtlesing, forteljing, fabulere med hjelp av språk og song	Mål	Tiltak
	<p>Barnet har glede og nytte av bøker og høgtlesing</p> <p>Språklæring og positive opplevingar gjennom song</p> <p>Bli kjent med symbola og lydane for bokstavar</p> <p>Bli kjent med symbola for tala og telje</p>	<p>Utlån av bøker frå biblioteket</p> <p>Lydbøker</p> <p>Bibliotekbesøk</p> <p>Spontane lesestunder</p> <p>Faste og planlagde lesestunder, samtal om innhaldet</p> <p>Lese eventyr, samtal om innhaldet</p> <p>Fysisk tilrettelegging av miljøet</p> <p>Bøker med ut/på tur</p> <p>Bøker utan ord, laga tekst sjølv</p> <p>Laga eventyr og historier i lag med barna</p> <p>Samlingsstunder</p> <p>Mimeleikar</p> <p>Vitsar</p> <p>Songar</p> <p>Songleikar</p> <p>Rørslesongar</p> <p>Sing Sang kort</p> <p>Songar som fortel ei historie</p> <p>Tradisjonelle songar</p> <p>Songar der ein peiker på bilete</p> <p>Henga opp bokstavane i alfabetet (sjå i "På skole med lille Ole")</p> <p>Bokstavspel</p> <p>Leikelese, kjenne igjen logoar</p> <p>Bli kjend med eigen bokstav</p> <p>Skriva barnet sitt namn på teikningar</p> <p>Ryddekort</p> <p>Telje, sortere, rekkefølge,</p> <p>Spel, lotto-spel med tal</p>

Tysnes kommune revidert 2016

	Bli kjent med fargane	Telje barn i samling, ved bordet og liknande Leik med fargar
--	------------------------------	---

Leik med lyd, rim og rytme	Mål	Tiltak
	Leik med språket, kunnskap om språket si oppbygging	Klappe rytme i namn og ord Dele ord inn i stavingar Setje saman ord og dele opp ord Arbeide med språklydar Rim og rimekort Regler og tøyseord Lyttleiker SPRÅKSPRELL: - merksemd for lyd - rim og regler - stavingsinndeling og rytme - analyse av forlyd

Lese- og leikeskrive	Mål	Tiltak
	Lese og skrive ut frå egne føresetnader	Skrive huskeliste til ulike aktivitetar Skrive handleliste i butikkleik Skrive historier saman med barna Bruke flippover i samlingar, og skriva ord og uttrykk som ein arbeider med Nytta forteljarkort og laga historier i lag med barna Trene på rett blyantgrep HUSK, alltid nytte leseretningen Henge opp lappar med namn på møbler og liknande i romma Skriva tekst til teikningar barna har teikna

Tysnes kommune revidert 2016

	Bli kjende med "Skrivedansen"	Vera medvitne på å skriva namnet på barna sine teikningar Jobba og leika med dei enklaste rørsleane i "Skrivedansen" Leikeskrive til musikk Lage bok
--	--------------------------------------	---

Førebyggjande taleøvingar	Mål	Tiltak
	Trene ulike lydar Trene munnmotorikk, bli medveten eige taleorgan, spesielt tunga	Øve på vanskelege lydar, som r-lyden, s-lyden og l-lyden Tungeeventyret Hermeboka – gymnastikk for munnmuskulaturen Blåse såpebobler, fjører og liknande Mime ulike ansiktsuttrykk

Kartlegging og tiltak	Mål	Tiltak
	Tidlegast mogleg hjelp til dei som treng det	Kontroll av hørsel og syn Nødvendig utstyr Observasjonar, Alle med, Askeladden, Språk 2, Sats 4, Tras Snakkepakken Arbeid med dei "flinke" barna Arbeid med framandspråklege barn Samarbeid med biblioteket Språkgrupper Ekstraressursar på enkeltbarn Kontakt med logoped og PPT Overføring av informasjon frå barnehage til skule Samarbeid med helsestasjon

FØRSKULEGRUPPA HOVUDOMRÅDE:

Lytte og samtale	Mål	Tiltak
	<p>Lære å lytta, auke konsentrasjonsevna</p> <p>Lære ord og omgrep</p>	<p>Sjå på den vaksne og lytta når han/ho seier kva dei skal gjera</p> <p>Lytta til kvarandre, ikkje le av kvarandre</p> <p>Øva på konsentrasjon, bli ferdig med ein ting før ein byrjar med noko nytt</p> <p>Øve på å rekke opp handa, prata ein om gongen</p> <p>Lytte til bok eller CD, prate om kva me høyrte</p> <p>Former: sirkel, kvadrat, trekant osv</p> <p>Storleiker: stor, liten, større minst, større enn osv</p> <p>Posisjon: høgre, venstre, oppe, nede, bak, framfor osv</p> <p>Retning: loddrett, vassrett, oppover, nedover osv</p> <p>Relasjon: kort/lang, lik/ulik, tung/lett osv</p> <p>Rekkefølge: først, sist, til slutt, i midten osv</p> <p>Mønster – striper, ruter, prikkar mm.</p> <p>Samtale om ulike tema</p> <p>Nytta forteljarkort</p>

Høgtlesing, forteljing, fabulere med hjelp av språk og song	Mål	Tiltak
	<p>Høgtlesing, lytte konsentrert</p> <p>Song</p> <p>Bokstavinnlæring</p>	<p>Les frå ei forsetjingsbok. Snakk om det de har lese, gjenfortelje</p> <p>Dramatisering/teater</p> <p>Vitsar</p> <p>Fast innleiingssong og avslutningssong</p> <p>Nytta arbeidsbok</p> <p>Skriva namnet sitt</p> <p>Bli kjende med bokstavane, henga dei opp på veggen (Sjå i "På skole med lille Ole")</p>

Tysnes kommune revidert 2016

	Leik med matematikk	Alfabettsong Bli kjende med tala Arbeide med sortering, målingar, former og figurar Måle barnas høgde haust og vår
--	----------------------------	---

Leik med lyd, rim og rytme	Mål	Tiltak
	Leik med språket, kunnskap om språket si oppbygging	Ein leik frå språksprell på kvar samling i førskulegruppa: - merksemd for lyd - rim og regler - inndeling i stavingar - analyse av forlyd Klappe rytme

Lese- og leikeskrive	Mål	Tiltak
	Leik med språket, kunnskap om språket si oppbygging	Lage eventyr eller forteljing i lag med barna. Skriv på flippover og les i lag Øva inn rett blyantgrep Nytta flippover til å notera ord og uttrykk



KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST.

Språk, kommunikasjon og tekst er eit av fagområda i rammeplanen. Ei god språkutvikling har mykje å seie for barnas generelle utvikling på alle område. Barnas språklege nivå har mykje å seie for kor mykje barna forstår av det som blir formidla, og deira evne til å setje ord på eigne tankar og kjensler.

Rammeplanen seier at barnehagen skal hjelpe barnet til å få varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler.

Personalet i barnehagen er viktige som språklege førebilete.

Barnet utviklar språk i samspel med andre menneske. Det er fem aktivitetar som er særleg fruktbare for språkutvikling hos barn:

- GOD SAMTALE
- RIM, REGLER, DIKT OG SONG
- FORTELJING OG HØGTLESING
- LEIK
- UTFORSKING AV SKRIFTSPRÅKET

(Temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen s. 25 – 50).

SPRÅKLØYPER

Tysnes Kommune skal vere med i ein nasjonal satsing, Språkløyper. Det er ein strategi som skal styrke norske elevar sitt språk, lesing og skrivning. Det som er unikt i denne satsinga, er at barnehagane også blir inkludert som ein del av læringsløpet.

For barn i barnehagealder er språk avgjerande for læring, kommunikasjon og sosiale relasjonar. Tidleg innsats er stikkordet. Språkgrunnlaget som blir lagt i barnehagetida er viktig for seinare lesing, skrivning og læring. Språkløyper skal styrke kompetansen hjå personalet, og vise korleis barnehagen kan jobbe med språk og fange opp dei som strevar. For oss i barnehagen inneber Språkløyper at me skal jobbe mykje med lesing av bøker og samtale rundt innhaldet i bøkene. Arbeidet med språkstimulering og leseaktivitetar skal implementerast i kvardagen. Personalet skal få kunnskap, verktøy og tryggleik i arbeidet med barns språk.

LITT OM BARNET SI SPRÅKUTVIKLING:

8 – 10 månader: barnet byrjar å prøve ut språket. Dei første orda kjem i denne perioden.

1 år: eitt ords setningar.

2 år: to ords setningar, ofte verb og substantiv, men dei fleste snakkar meir.

3 år: tre ords setningar, oftast bra språk no

4 år: språket bør vere på plass. Kan ha rundt 1500 ord.

R-KJ-SKJ lydane kjem sist. G og K kan og henge igjen. Dette bør ein byrje å jobbe med når barnet er 3 år, men det er ikkje krise om det ikkje er på plass når barnet er 4 år.

Nokre barn treng å trene på S- lyden. Tunga skal ikkje vere utanfor tennene når me pratar.

Einskilde barn har litt slapp muskulatur i munnen. Då kan det vere nyttig me munnmotorisk trening.

Dette er retningslinjer. Mange barn har ei litt anna utvikling. Det som er viktig er at me er merksame og følgjer med. Barn som er litt seine i høve denne utviklinga, skal med vera merksame på slik at me kan kome raskt i gang med hjelp dersom det er nødvendig.

INNHALDET I PLANEN

Arbeid med språk og utvikling av språket skal vere med i alt som skjer i barnehagen, ikkje berre i samlingsstunda. Måltider, stellesituasjon, i garderoben, i leik, på tur og elles i alt som skjer skal arbeid med språkutvikling vere med. Dette krev eit bevisst personale som har språkarbeid "innunder huda". Denne planen skal innehalde tips og idear til arbeid med språkleg kompetanse for alle barn i barnehagen.

STOPPUNKT

I tillegg er det viktig med stoppunkt undervegs. Det er viktig at me stopper opp og ser om me er på rett veg. Til dette skal me nytte ulike observasjonsmateriell:

- Askeladden
- Alle med
- TRAS
- SATS 2
- SPRÅK 4



HJELPEMIDDEL

Ideane i denne planen er henta frå ulikt materiell. I dette materiellet er det mange fleire idear. Det er viktig at alle pedagogane i barnehagane set seg godt inn i både teoribakgrunn og praktiske idear, og formidlar dette vidare til heile personalgruppa. Det er nødvendig at alle tek del i arbeidet med språkutvikling i barnehagen. Alle er førebilete for barna, og alle er like sentrale og viktige. Hovudmateriellet som er nytta:

- Språglede i barnehagen
- På skole med lille Ole
- Språksprell
- Snakkepakken
- Temahefte om språkmiljø og språkstimulering i barnehagen

INDELING

Planen vil vere inndelt i ulike område innan språkutvikling. Her vil det vere praktiske tips og idar. Dette er idear som kan nyttast i samlingar og strukturerte aktivitetar, men kan og nyttast i andre situasjonar som i garderoben, ved bordet og liknande.

Arbeidet med språket kan delast inn i 5 hovudområde:

- "Lytt og samtale" – fremje barna si språkforståing
- "Høgtlesing, forteljing og fabulering ved hjelp av språk og song"- stimulere situasjonauavhengig kommunikasjon
- "Leike med lyd, rim og rytme"- stimulere til auka språkleg medvit
- "Lese- og leikeskrive" – vekke og møte barna si interesse for å lese og skrive
- Førebyggande taleøvingar/munn og tungegymnastikk

1. LYTTE OG SAMTALE.

- fremje barna si omgrepsforståing.

Gjennom arbeidet med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna:

- lyttar, observerer og gjer respons i gjensidig samhandling med barn og vaksne
- utviklar vidare si omgrepsforståing og nyttar eit variert ordforråd
- bruker språket for å uttrykka kjensler, ynskjer og erfaring, til å løysa konflikhtar og til å skapa positive relasjonar i leik og anna samvær

Barna skal bli bada i språk i barnehagen. Det er viktig at dei vaksne pratar mykje med barna, og lyttar til barna. Det er forskjell på å skravle og å prate. Det er ved å lytte til språk, og få gode høve til å nytte språket at barna utviklar seg språkleg. Dei vaksne må skapa GODE samtalar.

MÅLSETJING FOR OMGREPSFORSTÅING:

”Når barna sluttar i barnehagen, har dei ut frå sine eigne føresetnadar eit rikt og nyansert talespråk med omgrep som dei har rett innhaldsforståing av.”

Barn kan ikkje *lære* omgrep, dei må oppleve omgrep gjennom dialog. Det nyttar ikkje å drille inn ord, barna må erfare omgrepa gjennom dialog og erfaring.

Dei vaksne må invitere barna til samtale, til å ta ordet ofte. Det er viktig å stille oppklarande og utdjupande spørsmål. Her kan det vere viktig å dele barna inn i mindre grupper, slik at alle barna får vere språkleg aktive.

ROLLELEIKEN er ein viktig arena for barna si språkutvikling. Gjennom denne leiken tek barna ulike roller, jobbar med sine opplevingar, og tilegner seg verda og prøver å gjere tilværet begripeleg for seg sjølv.

Gjennom dialogar blir barna si merksemd retta mot einskilde ord. Barna kan få bli kjende med vanskelege ord, korte og lange ord, samansette ord og ord som rimar.

I dette arbeidet kan ein nytte FILOSOFISKE SAMTALAR (sjå boka ”Filosofiske samtaler i barnehagen”.) Denne boka inneheld mange forslag til aktivitetar der ein undrar seg i lag med barna over mange ulike tema. Den legg grunnlag for mykje god samtale og god språktrening. Boka tek utgangspunkt i dei ulike fagområda, og kan dermed og knytast opp til arbeidet med fagområda.

- Aktivitet 1:

Å TA ORDET:

Barna blir plasser i ein halvsirkel. Me treng ein stein, små lappar og ein blyant.

- For at barna skal lære seg å ta ordet, sender den vaksne rundt ein stein slik at det barnet som har ordet held steinen. Dersom eit barn prøver å ta ordet utan steinen, kan den vaksne notera ned namnet på barnet slik at barnet får snakka etterpå.
- Det kan vera greitt å byrja med enkle setningar slik at alle kan vera med. Den vaksne kan seie: ” Eg heiter Kari”, og sende steinen vidare til det barnet som sit nærast. Barnet seier sitt namn, og sender steinen vidare.



- Etter kvart kan ein utvide dette til lengre samtalar. Ein kan for eksempel la alle barne ha med seg bilete av familien sin. Dei kan få halde steinen etter tur, og fortelje om familien sin.

- Aktivitet 2:

SAMTALE OM KJENSLER:

- Den vaksne fortel ei historie om eit barn som er glad, sint, redd eller lei seg. Her kan ein nytte forteljingane frå "Steg for steg" eller "Du og jeg og vi to". Dette er forteljingar som eignar seg godt til samtale.
- Etterpå innbyr den vaksne barna til samtale om kjensla til barnet i forteljinga: "Korleis trur de denne guten har det?" "Kva tyder det å vere glad?" "Har du vore glad nokon gong?" "Korleis veit du at du er glad?"
- Barna kan oppfordrast til å vise med andletet og kroppen dei ulike kjenslene.
- Ein kan og nytte musikk for å understreke kjensla.
- Barna kan og teikne eller male eit bilete der dei gjer uttrykk for ulike kjensler.

- Aktivitet 3:

OVER – OG UNDEROMGREP:

Ein lagar 4 stoffposar eller boksar i fargane grøn, gul, raud og blå. Den grønne fyller ein med VERKTØY. Skriv gjerne verktøy på posen. Den gule blir fylt med KJØKKENREISKAP den raude med TOALETTSAKER, og den blå med HUSDYR.

- Ein tek alle tinga ut av posen, og den vaksne inviterar til samtale om kva ting heiter, korleis og når dei blir brukt, farge, form og materiale
- Kims leik: Nokre av tinga blir lagt på bordet, og eit klede blir lagt over. Eit barn tek bort ein ting utan at dei andre barna ser det. Så skal dei andre gjette kva som er borte.
- Barnet vel ein ting frå ein av posane, og held denne skjult for dei andre. Barnet fortel om tingen utan å seie kva det er. Dei andre barna skal gjette kve for ein ting det er.
- Rolleleik med tinga frå ein av posane. Barna kan for eksempel leike frisør med tinga frå TOALETTSAKER-posen.
- Barna trekker ting frå posen og finn andre ord som rimer på den tingen dei har.

- Aktivitet 4:

UNDRINGSHYLLA:

Den vaksne lager til ei hylle der ein skriv UNDRINGSHYLLE på ein lapp som blir festa til hylla. Når ein er på tur med barna, blir dei oppfordra til å ta med kvar sin ting frå naturen å setje på hylla.

- Barna fortel: barna tek ned frå hylla, og fortel etter tur om sin ting. Dersom barnet er taust kan den vaksne stille spørsmål som f.eks: "Når fant du den?" "Kvar trur du den kjem frå?" "Kva kan du gjere med den?" "Kva liker du med den?"
- Barna lagar eventyr: barna kan lage eventyr med utgangspunkt i ein ting frå undringshylla. Kan då vere greitt å finne fram andre ting som og kan vere med i eventyret. Den vaksne skriv ned eventyret, slik at det seinare kan lesast.

- Aktivitet 5:

MEG SJØLV – SANSANE:

Ein lagar til ein pose av tøy med ulike ting som har ulik form, konsistens og eventuelt gjer lukt. I tillegg treng ein eit halstørkle.

- Snakk med barna om dei ulike sansane: syn, hørsel, smak, lukt og kjensler. Snakk om korleis ting kjennest ut, lukter, ser ut og høyrast ut. Kva skjer med dei som er blinde eller døve?
- Eit barn om gongen kjem fram og trekker ein ting frå posen. Barnet har tørkleet føre augene slik at dei ikkje ser tingen. Barnet skal setje ord på korleis det kjennest å ta på tingen, korleis den luktar, om den lagar lyd og så bortetter.

- Aktivitet 6:

HEMMELEG POSE:

Lag ein hemmeleg pose med snor i toppen. Barna kan ha med seg heime frå kvar sin ting til den hemmelege posen. Kvar dag kan ein av desse tinga leggast i den hemmelege posen. Barnet som eig tingen skal fortelja dei andre om den: Når eg fikk..., Kor eg var då eg fekk den, Kven eg var saman med, Kvifor eg liker den, Korleis eg leiker med den. Barnet kan og beskriva gjenstanden utan å seie kva det er. Dei andre barna kan gjette. Namnet på gjenstanden kan skrivast på flippover. Les ordet medan ein peiker på det.

- Aktivitet 7:

FORTELJARKORT:

Forteljarkort er eit sett kort med bilete til å laga historier ut frå. Ein kan nytte tre kort i ein viss rekkefølge og lage ei historie ut frå desse. Etter kvart kan ein utvide med fleire kort for å laga lengre historier.

- Aktivitet 8:

EVENTYR FRÅ SNAKKEPAKKEN:

I snakkepakken er språkinnlæringa knytt til konkrete gjenstandar. Det gjer at det er lettare å lære nye ord og omgrep. Frå side 56 i rettleiingsheftet er det mange eventyr. Det er og konkrete forslag til korleis gjenstandane kan nyttast i formidlinga.

- Aktivitet 9:

SOSIAL KOMPETANSE:

I arbeidet med sosial kompetanse skal me i barnehagane nytta "Steg for steg" og "Du og eg og vi to". I desse opplegga er det mange gode forslag til aktivitetar. Alle skal ha minst ei samling i veka med sosial kompetanse.

- Aktivitet 10:

FILOSOFI

Her kan ein nytta boka "Filosofiske samtalar i barnehagen". Den har mange konkrete og enkle forslag til aktivitetar.

ANDRE AKTIVITETAR:

- Setje ord på alt barna peikar på og prøver å seie
- Ikkje rett på barnet dersom det seier ordet feil, men gjenta ordet slik det skal vere
- Snakk tydeleg og sakte, i korte setningar
- Lese dei same bøkene om og om igjen, slik at barna lærer omgrepa
- Gjenta faste daglegdagse ord om og om igjen kvar dag, slik at barna lærer dei
- La barnet oppleve at det oppnår noko ved å snakke
- Set ord på kroppsdelar og klesplagg kvar gong barnet blir stelt
- Ha barna med når ein dekkjer bordet, og set namn på bestikk, koppar og liknande
- Få til gode samtalar rundt bordet ved måltida
- Set ord på materiale, farge og form når det er naturleg
- Tel høgt med barnet der det er naturleg
- Gje ein beskjed om gongen

ANNA SOM ER VIKTIG:

- Les mykje i bøker. Ofte dei same bøkene mange gonger, slik at barna blir kjende med ord og uttrykk. Samtal om det de har lest.
- Snakk tydeleg og med korte setningar. Ikkje gje for mange beskjedar samtidig.
- Bruk eit variert språk og unngå bruk av ord som "den greia", "tingen" og "den der".

Barna som har gode føresetnadar for å lære språk treng å bli "bada" i språk, bli snakka mykje med. Små barn som slit med å koma i gang med språkutviklinga, treng gjerne bare enkle ord i starten. I staden for å seie: "Kan du ta mjølka til meg?" kan vi heller bare peike på mjølka og seie "mjølk".

Vi må ikkje prate altfor mykje, men gje barna høve til å få med seg det vi seier!

Nytte ordet "NEI" minst mogleg!

Still spørsmål til barna berre når dei har eit reelt val. "Skal vi ete no?" blir feil dersom det er noko ALLE SKAL. Då må me seie; "No skal me ete".

2. HØGTLESING, FORTELJING OG FABULERING MED HJELP AV SPRÅK OG SONG.

- stimulere situasjonsuavhengig kommunikasjon.

Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna:

- få eit positivt forhold til tekst og bilete
- lytte til lydar og rytme i språket
- bli fortrulege med symbol som tal og bokstavar

Naturleg samtale (situasjonsavhengig språk) og det språket som er skrive (situasjonsuavhengig språk) består av same språket, med det er to ulike måtar å kommunisere på. I samtalen nyttar me nonverbalt språk som gestar og mimikk. Skriftspråket skal kunne stå aleine og vere uavhengig av tid og sted.

MÅLSETJING FOR SITUASJONSUAVHENGIG KOMMUNIKASJON:

Når barna går over i skulen, skal dei, ut frå egne føresetnader, ha glede av å skape munnleg monolog som er samanhengande og som tek vare på forteljingsstrukturen. Dei skal og kunne stille spørsmål til tekst dei ikkje forstår.

Kjennemerke på skriftspråk: samanhengande tekst, forteljingsstruktur og tekstforståing.

Barna i barnehagen bør oppmuntrast til å skape samanhengande tekst munnleg. Dei skal stimulerast til å snakke i dialog, sidan i monolog, og å ha ordet åleine over tid. Det er viktig med nærleik mellom den som lyttar og den som snakkar.

- Aktivitet 1:

EVENTYR

Les eventyr for barna ofte. Bruk eventyr du sjølv er glad i. Gjenta gjerne same eventyret mange gonger. Du kan og lage eit eventyr av ei hending du har opplevd sjølv. Det synest barna er spanande.

(EVENTYR FRÅ SNAKKEPAKKEN) (Bukkene bruse s 97 i språkglede)

- Aktivitet 2:

BØKER

Les dei same bøkene fleire gonger.

- I byrjinga vil barna vere mest opptekne av rekkefølga til hendinga.
- Etter kvart vil dei rette merksemda mot språket. Då må ein invitere barna til refleksjon over tydinga av ordet. Kva tenkjer barna når dei høyrer eit ord? Kva er korte ord og kva er lange ord? Sjå på samansette ord og klapp stavingar i ord. Leit etter spanande ord.
- Samtal og om hendinga i forteljinga. Still spørsmål.
- Samtal om ting-ord, setningar, mellomrom, punktum, utropsteikn, spørsmålsteikn. Skriv gjerne desse på ei tavle slik at barna ser dei.
- Skriv gjerne ei heil setning med store bokstavar på like mange A4 ark som talet på ord i setninga. Barna held kvart sitt ark og stiller seg i rett rekkefølge. Så kan ein blande saman orda og sjå korleis setningane då blir. Så blir det ei rar setning til glede for alle. Eks: Hunden sprang bak treet. Bland orda: Treet sprang hunden bak.



- Aktivitet 3:

"LESE" BØKER UTAN ORD

Barna kan delast i grupper saman med ein vaksen. Kvar gruppe får ei bok utan tekst.

- Dei skal saman skape historia til denne boka.
- Den vaksne kan skrive historia på flippover eller på ark.
- Kopier bileta og lim teksten under.
- No kan boka lesast mange gonger.

- Mens den vaksne skriv teksten, kan ho samtala med barna. Ein kan telje bokstavane i orda og orda i setningane.
- Vise at punktum betyr at no er akkurat den setninga ferdig.

- Aktivitet 4:

VITSAR

Vitsar inviterar til smil, latter og glede, og er viktig i språkutviklinga. Barnet får i tillegg ha ordet aleine over lang tid, det vil seie å snakka i monolog. Det er god trening.

- Ha ei lita notisbok tilgjengeleg til å skrive ned vitsar og morosame hendingar i kvardagen.
- Lag gjerne til ein vitsekrok i barnehagen.
- Den vaksne kan fortelje vitsar til barna, og barna kan fortelje til kvarandre. Husk å le og klappe når barnet er ferdig!



- Aktivitet 5:

SYNGE SONGAR SOM FORTEL EI HISTORIE

Den vaksne finn fram ein songtekst som fortel ei historie.

- Barna lærer songen. Den må syngast mange gonger. Den kan syngast fort, sakte, lågt og høgt.
- Prat med barna om innhaldet i songen. Samtal om ulike ord, og kva barna tenkjer når dei høyrer ulike ord.
- Teikn gjerne teikningar ut frå songen.
- Skriv kvart vers på kvart sitt A4 ark. La barna teikne teikningar til alle versa. Lim verset på teikningane. Teikningane blir stifta saman. Neste gong ein skal syngje songen, kan ein bla i boka samstundes.
- Dramatisere songar, gjerne med hjelp av instrument eller klapping

ANDRE AKTIVITETAR:

- Leik med fargar
 - Maling
 - Sortering av klossar og liknande
 - Spela spel med fargar
- Nytte Sing Song kort
- Songar der ein peikar på bilete
- Mimeleikar
- Ryddekort. Kort med bilete og tekst som syner kva barna skal rydda.
- Telje barna i ulike situasjonar.
- Dele ut hefte til foreldra med songar som me nyttar i barnehagen (spesielt til dei minste)



3. LEIK MED LYD, RIM OG RYTME.

Stimulere til auka språkleg medvit.

Gjennom arbeidet med kommunikasjon, språk og tekst skal barna lytte til lydar og rytme i språket og bli fortrulege med symbol som tal og bokstavar. Dei vaksne i barnehagen skal skape eit språkstimulerande miljø for alle barn, og oppmuntre til å lytte, samtale og leike med lyd, rim, rytme, og fabulere med hjelp av språk og song.

MÅLSETJING FOR ARBEIDET MED SPRÅKLEG MEDVIT:

Når barna sluttar i barnehagen for å byrje på skulen, har dei ut frå sine føresetnader, glede av å leike med språket. Det vil seie å rime, analysere og trekke saman stavingar, og dei har glede av å oppdage fonem/språklydar i einskilde ord.

Eit barn som har utvikla ei forståing for at språket er sett saman av einskilde lydar, har *språkleg medvit*. Det vil seie at barnet høyrer at ord rimar (hus-mus), høyrer at språket kan delast inn i stavingar (KA-RI = 2 stavingar), og at stavingar kan delast inn i språklydar (K-A = 2 språklydar, R-I = 2 språklydar). **AKTIVITETAR I PERMEN "SPRÅKSPRELL"**.

Språkleg medvit er viktig når det gjeld utvikling av lesing og skriving. Det er viktig at barna lærer å lytte ut dei lettaste språklydane i ord, og at dei får mykje erfaring med rim og rytme. I barnehagen skal denne innlæringa vera prega av leik. **SPRÅKSPRELL** inneheld kjekke leiker og aktivitetar som stimulerer barna si språklege og fonologiske medvit.

Språksprell er delt inn i 4 områder:

- Merksemd for lyd
- Rim og regler
- Stavingsdeling
- Analyse av forlyd



Det er 7 leiker under kvart punkt. Desse er enkle å bruke, og krev ikkje mykje førebuing.

EIN LEIK FRÅ SPRÅKSPRELL SKAL VERE MED I KVAR SAMLING I FØRSKULEGRUPPA.

Ved å arbeide målretta med å auke barnas språklege medvit, kan vi førebygge lese- og skrivevanskar.

PROGRESJONSSTIGE TIL GRADVIS AUKE SPRÅKLEG MEDVIT:

1. **LYTTELEIKER:** = auditiv merksemdstrening. Her skal me rette barnas merksemd mot ulike lydar i kvardagen. Me kan og nytte instrument for å stimulere barna til å høyre forskjell på ulike lydar. Det gjer god konsentrasjonsøving!
2. **RIM OG TØYSEORD:** vi må ta vare på barnas spontane forsøk på riming. I tillegg må vi vere bevisste på å trekke inn rim og rimeleiker i barnehagekvardagen.
3. **DELE ORD I STAVINGAR OG TREKKE STAVINGAR SAMAN TIL ORD:** små drypp i det daglege er viktig. Ein enkel ting kan vere å klappa stavingane i namnet til barna.
4. **LEIKER MED FONEM (SPRÅKLYDAR):** her må vi ha hovudfokus på *språklydane*, ikkje bokstavane. Når vi skriv saman med barna, må me konsekvent seie språklyden for kvar bokstav, i staden for bokstavens namn. Eks: F – språklyden heiter F, bokstaven heiter EF

Her kjem nokre forslag til aktivitar henta frå "SPRÅKSPRELL" og "SPRÅKGLEDE I BARNEHAGEN". Det er mange fleire aktivitetar i desse bøkene.

- Aktivitet 1:

LYTTELEIKER

Finn eit lite bord som er kvelva, ein skiljevegg eller liknande. Ein vaksen eller eit barn er bak skiljeveggen og lager ulike lydar. Dei andre barna ser ikkje gjenstanden som lager lyden, men skal høyre etter, og gjette kva som lager lyden. Bruk dei same gjenstandane over tid, slik at barna opplever meistring.

- Daglege lydar: rive/krølle papir, rasle med nøklar, ringelyd frå vekkjeklokke, sykkelbjølle
- Lydar med eller på kroppen: plystre, hoste, gni hendene saman, pusse nasen, knipse med fingrane, stryke over armen
- Den vaksen viser barna tre ting. Det kan vere saks, sandpapir og eit glas med vatn. Den vaksne eller barnet lager lyd ved å klyppe i sandpapiret. Barna skal gjette kva for to ting som lagar lyden.
- Skilje mellom to lydar: ein tung og ein lett ting dett i golvet. Det kan vere eit stort og eit lite nøkkelknippe, eller ei saks og ein blyant. Bank på bordplata og på ei bok. Barna får lov til å sjå dei to tinga først, men når lydane blir laga, får dei bare lov til å lytte og gjette korleis lyden blir til.
- Instrument: den vaksne spelar på eit instrument, og barna skal gjette kva for instrument det er. Det er viktig at barna kjenner til instrumenta frå før og veit kva dei heiter. Det kan vera ein ide at barna får sjå fire instrument først og så gjette kva for eit av dei fire som lager lyden.

- Aktivitet 2:

LYTTERINGEN

Barne sit i ein ring. Den vaksne har med korta merka dag 8 og 9 (ligg bak i Språksprell). La eit barn trekke eit kort. Barnet set seg tilbake i ringen etter å ha funne ut kva som er på kortet, og legg kortet med biletsida ned framføre seg. No skal barnet kviskre ordet til sidemannen. Ordet blir sendt kviskrande rundt til det kjem tilbake til barnet med kortet. Nå får barnet vise kortet og seie ordet slik det blei tilslutt. Blei det det same? Blei det noko anna? Noko morosamt? Gjenta leiken og la barna kome fram etter tur.

- Aktivitet 3:

RIM

(med hemmeleg pose)

- Barnet som er framme skal prøve å finne rimeord på tingen som var i den hemmelege posen. Skriv orda på eit stort ark/flippover.
- Alle barna er med på å prøve å finne rimeord til tingen i posen.
- Den vaksne lager eit lite dikt saman med barna med utgangspunkt i rimeorda. Skriv gjerne dette diktet på eit stort ark/flippover. La rimeorda komme under kvarandre. Sjå på om dei orda som rimar sluttar på same lydane.
- Når alle barna har laga eit lite dikt/rim kan ein lage ei bok av dette. La barna teikne til sitt rim.

- Aktivitet 4:

RIMEKORT

Rimekorta merka dag 9 (bak i Språksprell) skal leggst med biletsida opp. Det vaksne seier ei setning der det er tydeleg at eit ord manglar. Barne skal etter tur trekke det kortet med rimord som manglar.

- Ein mygg stakk min(rygg)
- Ein kokk måtte gå med.....(stokk)
- På ei eng stod ei.....(seng)
- Ein unge skal ikkje rekke.....(tunge)



- Aktivitet 5:

STAVINGAR

(med hemmeleg pose)

- Den vaksne har laga små kort med bilete av kvart enkelt barn. Under biletet står barnets namn med store bokstavar. Eit barn får velje eit kort som det legg i posen. På førehand har barnet og den vaksne snakka om kor mange stavingar det er i dette namnet. Barnet trekker kortet og fortel dei andre barna kor mange stavingar namnet har, og klappar stavingane.
- Den vaksne skriv namnet som står på kortet på flippover, slik at det er mellomrom mellom stavingane (MA-RI-US). Alle er med å klappar, trampar eller knipsar namnet medan dei seier det høgt i kor.

Å trekka saman stavingar kan vere vanskelegare. Ein kan likevel prøve dette med barna:

- Tre barn som har ulikt tal stavingar i namnet kan kome fram (PER, KA-RI, TO-BI-AS). Så seier den vaksne: " No tenker eg på ein av dei som er framme. Kven tenker eg på?" Den vaksne klappar namnet til eit av barna, utan å seie noko. Barna blir oppfordra til å gjette kva for eit av dei tre barna den vaksne tenker på. Gjenta aktiviteten mange gonger.
- Aktiviteten kan og gjennomførast med å nytte ulike gjenstandar med ulikt tal på stavingar.



- Aktivitet 6:

SPRÅKLYD

(med den hemmelege posen). Egner seg best for dei eldste barna.

- Barnet med posen med ting i har samarbeida med den vaksne på førehand og fortel no dei andre barna kva den første lyden i gjenstanden som er trekt frå posen er, for eksempel ein APE. Barnet seier:"AAAAAAA". Alle barna blir oppmuntra til å seie namnet på gjenstanden langsamt. Den vaksne overdriv uttalen av den første lyden:"AAAAAApe" og seier: "høyrer de at første lyden i ape er A?" Barna prøver igjen . Samtal om korleis leppene ser ut når vi seier lyden A (leppene er heilt opne). Snakk og om kor tunga skal vera (den ligg heilt stille nede i munnen). Bruk gjerne speglar.
- Lag gjerne kort ved å lime bilete av barna på papp. Eit bilete pr. kort. Skriv namnet på barnet under biletet. Korta kan nyttast som memory – spel. Har kan eit kort med bilete av for eksempel Siri og eit kort med bokstaven S utgjør eit par. Bileta kan og nyttast i den hemmelege posen. Barnet som er framme kan ha eit bilete – kort i den

hemmelege posen og seie at namnet på den som er på bilete byrjar på på S – lyden (Siri). Barna skal gjette kven som er på bilete.

- Barna kan forma lydar (bokstavar) med seg sjølv på golvet.
- Finn ting i rommet som byrjar på den lyden de arbeider med.

- Aktivitet 7:

POST FRÅ BØTTEKNOTTEN

Bruk bilete frå eit memory eller lottospel. Barna sit i ring. Den vaksne fortel:

”Bøtteknotten har vært ute på reise. Han har sendt oss ein pose med bilete av ting han har sett. Han deler orda slik som han pleier å gjere, og så vil han at de skal gjette kva han har teke bilete av.”

La barna trekke eit bilete etter tur. Barnet ser på biletet og deler det i stavingar saman med den vaksne (for eksempel ap – e – katt). Dei andre barna skal gjette kva som er på biletet før dei får sjå det. Tilslutt deler de stavingane i kor, og klappar rytme til.

- Aktivitet 8:

SKO – LEIKEN (forlydsanalyse)

Samle ein sko frå kvart barn i ein haug på golvet. Den vaksne seier:

”No skal vi leike at nokon har vært å rota i skoa våre. Kan de hjelpe meg å finne ut kven som eig skoa? Lytt godt. Denne skoen tilhører Aaaaa...(nne).” Anne får sin sko. Fortsett på same måte med dei andre skoa.

ANDRE IDEAR

- Heng opp rim og reglekort rundt i barnehagen. Nytt desse i aktivitetar gjennom dagen
- Lag barna si eiga reglebok eller vitsebok der dei samlar vitsar eller regler.
- Arbeid med VITSAR, det er ein veldig god språkleg aktivitet!

4. LESE OG LEIKESKRIVE.

- vekke og møte barnas interesse for å lese og skrive på sin måte.



MÅLSETJING:

Dei vaksne skal vere opptekne av å hjelpe barna til å lese og skrive. Då utviklar barna glede over å lese og skrive på sin måte og gjer det ofte spontant.

Barna skal møte symbol som bokstavar og siffer i daglege samanhengar, og støtte barnas initiativ når det gjeld å telje, sortere, lese, leikeskrive eller til å diktere tekst.

Me nyttar både små og store bokstavar.

Leikeskriving er viktig. Når barna skriblar/rablar, kan dei vere opptekne av skriveretninga, storleiken på rablinga og avstanden mellom linjene. Når barnet rablar, trener det på ein rekke delferdigheiter som inngår i det å skrive.

Barna må få oppleve at måten dei vel å løyse ei skrive- og leseoppgåve på, er akseptert av dei vaksne. Me må gje barna mange ordbilete rundt om i alle samanhengar, slik at dei blir interesserte i å utforske. Barna må ha god tilgang til bøker, papir, skrive- og teiknesaker. Me vaksne må skrive mykje og la barna sjå på når vi skriv.

VIKTIG: Det er viktig når me skriv for og med barn, at me nyttar *LYDEN* (for eksempel /k/), ikkje bokstavnamnet (kå).

- Aktivitet 1:
 - Heng opp lappar i barnehagen som fortel kva dei ulike tinga og møblane heiter. Lim og på bilete av gjenstanden. Barnas merksemd blir retta mot lappane og ordbileta, og dei vil vite kva som står der. Etter kvart vil barna begynne å kopiere ordbileta dei ser.
- Aktivitet 2:
 - Tape dei ulike bokstavane i alfabetet på stolane i barnehagen. Når barna samlast til samlingsstund og liknande kan ein seie kva stol barnet skal sitje på ved å seie lyden for bokstaven, og hjelpe barnet til å finne denne stolen.
 - La ordensbarnet sitje på for eksempel D-stolen ei heil veke. Fokuser på bokstaven D. Kva likner bokstaven på? Den har stor mage. Teikn hovud og bein på bokstaven. Spør om nokre av barna sine namn byrjar på D. Leit etter ting på D i rommet.
 - Skriv namn på månad og dag, og heng desse opp i kvar samlingsstund. Skriv og dato og heng opp. Fokuser på kva lyd dagen og månaden byrjar på.

- Aktivitet 3:

PÅ TUR:

Lag lappar med namnet på ulike ting barna kan finne i naturen, grupper for eksempel blomar. Lim gjerne på bilete av tingen. Laminer lappane. Del barna i grupper før de går trekker kvar gruppe ein lapp. På turen skal dei leite etter det som står på lappen. Når barna kjem tilbake kan ein prata om kva barna har funne og skrive det på flippover. Barna kan få leikeskrive namnet på blomen og litt om kor dei fant den. Heng gjerne lappane opp i barnehagen.

- Aktivitet 4:

NAMNELAPPAR

- Skriv barnas namn med store bokstavar på små lappar, eit namn på kvar lapp. Ha gjerne eit bilete på lappen til dei minste barna. Dei store skal hugse ordbilete. Fokus skal vera på teksten. Laminer dei gjerne. Legg lappane på stolane barna skal sitte på i samlingsstunda, måltidet eller anna. Hjelp barna til å finna sin stol.
- Snakk om korte og lange namn, og sjå på forskjellen. Tel bokstavane i dei ulike namna. Har nokon av barna fleire namn? Snakk om lydane dei ulike namna byrjar på.
- Ha borrelås bak på lappane. Heng den andre delen av borrelåsen på veggen i garderoben i ei vassrett stripe. Lag ei fjøl med borrelås. Før barna kjem i barnehagen, heng dei vaksne opp namna på den vassrette borrelåsen. Når barna kjem, finn dei namnet sitt, tek det ned, og heng det på fjøla.

- Aktivitet 5:

HUSKELAPPAR

- Før ein tur, pratar dei vaksne med barna om NÅR dei skal gå, KVAR dei skal, KVEN som skal vere med, og KVIFOR dei skal på tur. Når alle er einige om kva som skal skje, skriv barna huskelappar. Då blir dei oppfordra til å bruke fantasiskrift eller hemmeleg skrift og skrive ned det som er snakka om. Etterpå kan nokre av barna "lese" opp det dei har skreve.

- Aktivitet 6:

Nytte forteljarkort, og lage historier saman med barna. Det kan vere 3 bilete som ein plasserer i ei rekkefølge, og lagar ei historie ut frå dette.

SKRIVEDANSEN

Skrivedansen er eit opplegg der barn frå ca. 5 til 8 år skal lære dei grunnleggjande skriverørslar som er nødvendige for ei rytmisk, hurtig, godt leseleg og personleg handskrift.

Ved hjelp av grovmotoriske øvingar, skal barnet trenast i å få avbalansert kroppen, auga og begge hjernehalvdeler. Desse grovmotoriske øvingane kan påverkast/trenast gjennom musikk og felles rørslar, individuelle oppgåver, leik med fargar og papir, rim og reglar. Alt dette kan trenast med eller utan musikk.

Ein kan nytte øvingar innan fysisk aktivitetar, musikk og forming for å tenke heilskapleg. Dette har positiv innverknad på personlegdomen.

I barnehagen er det nyttig for barnet å leike med:

- Runde rørslar til "rund musikk" (roleg, gjerne klassisk musikk)
- Stive/rette/vinkel- rørslar til "firkanta musikk" (musikk med markert rytme)
- Mala/teikna med tjukke fettstiftar dei same rørslene på store ark, med eller utan musikk.

Pedagogane har vore på kurs i skrivedansen med Grete Barmen (feb. 2016), og skal nytte dette i barnehagen med dei eldste borna.

Styrar har ansvar for at nye tilsette får innføring i Skrivedansen.

5. FØREBYGGJANDE TALEØVINGAR.

MUNN OG TUNGE GYMNASTIKK:

Alle barn har nytte av kjennskap og auka medvit om at tunga kan lage ulike lydar og er ein muskel som kan trenast opp. Øvingane som kjem her, er meint som førebyggjande aktivitetar, som skal vere leikprega.



- Ta opp ting med tungespissen: byrje med puffa ris, kjeksbetar, poppkorn og andre ting som set seg fast på tunga. Gå etterpå over til ting som ikkje set seg fast på tunga, slik som peanøtter, rosiner, druebetar og liknande.
- Dytt småleiker, vattkuler eller noko anna framover med tunga.

- Blåseleiker: Overdriv d- og t- lyden som ligg på same plass oppe bak framtennene. Sett handflatene framføre munnen for å kjenne luftstraumen ut av munnen. (Spesielt på T – lyden.
- Toglyd

Dei fleste barn har alle språklydar på plass når dei er rundt fire - fem år. Nokre barn får av ulike grunnar problem med å uttale enkelte lydar. Desse barna vil ha ekstra god nytte av munnmotoriske øvingar. Alle barn har nytte av å bli bevisst aktivitetar med tunge og munn.

Øving av musklar i tunga, leppene og ansiktet:



- Aktivitet 1:

ØVING AV L- LYDEN:

Problem med L – lyden skuldast ofte problem med å løfte tunga opp i ganen.

- **Tungeeventyret:** Den vaksne fortel eventyret om tunga som gjorde reint i huset sitt, og oppmuntrar barna til å vera med på tungeøvingane.
 - Ein dag vakna tunga og ville gjere reint i huset sitt. Først måtte ho kaste ut alle fem teppa sine. (Strekk tunga ut av munnen fem gonger og tel høgt til fem saman med barna).
 - Så vaska tunga taket. (Vis barna "taket" – ganen – i din eigen munn med fingrane). Overdriv gjerne.
 - Så vaskar tunga den eine veggen. (Vis med fingrane – innsida av venstre kinn.)
 - Så den andre veggen. (Innsida av høgre kinn).
 - Etter det vaskar tunga golvet. (Frå tungebåndet til dei fremste tennene i underkjeven).
 - Tungasida vaska og vindauga. (Framsida og baksida av tennene i over- og underkjeven).
 - Ytterdøra er heller ikkje heilt rein, så tunga vaskar den. (Slikk deg rundt munnen).
 - No kostar tunga framføre ytterdøra. (Tunga fram og tilbake og ned til haka).
 - Tungasida vaskar verandaen. (Tunga fram og tilbake og heilt opp til nasen).
 - Til slutt rister tunga dei fem teppa, og legg dei på plass inne i huset. (Slå med tunga og beveg den fem gonger inn og ut av munnen)
 - No er det reint og fint i huset, og tunga er så glad at ho vil danse. Tungasida byrjar å danse. (Beveg tunga og lag smellelydar ved å løfte tunga opp i ganen og slepp den ned med eit smell).

Tungegymnastikk for l-lyd:

- Jobb med å vaske "taket" i munnen. Sett tunga fast oppe i "taket", og la den falle ned med eit smell.
- Lag eit "smellekor". Smell med tunga gjennom ein heil melodi.

L-lyd som framlyd, innlyd og utlyd.

- La barnet løfte tunga opp i overgangen mellom tannkjøtt og framtenner og seie saman med barnet eit ord som har l-lyden som framlyd. For eksempel første lyd i ordet LYS. Gjenta seint, fort, lågt, høgt, kviskrande, sint og glad fleire gonger. Det kan ta tid før barnet meistrar ord med l-lyden i framlyd. Når barnet byrjar å meistre dette,

kan det vera lurt å oppmuntre barnet til å seie korte setningar der det er ord med l-lyd som framlyd.

- Når barnet meistrar å seie l-lyden som framlyd, går ein over til neste plassering. Innlyd som i ELLE MELLE, og utlyd som i ÅL.

S – LYDEN:

S – lyden kan vera vanskeleg å plassere for enkelte barn. Nokon kan ha ein lespe – s. Andre dreg tunga for langt bak, slik at lyden høyrer ut som en sj – lyd, noko som er rett i SKI og SKIP, men ikkje i SÅPE, SKOLE og SMIL. Her kan det vere nyttig å leike med S – lyden.

S – lyd øvingar:

- Sei til barna: "Stikk tunga (slangen) ut av munnen så langt du kan, trekk den inn igjen og la den ligge så avslappa som mogleg bak tennene. Bit tennene saman. Hold gjerne fingeren framføre tennene slik at tunga ikkje stikk ut, smil og blås". Etterpå kviskrar alle i kor som for eksempel ein slange: sssssssss - med svak og kraftig stemme – og sei følgjande:

Ormen Lange kraup som ein sssssssssslange
under eit gjerde
sssssssstjal ei pære
delte den i to
kasta den i do

Ormen Lange kraup som ein sssssssssslange
under eit gjerde
sssssssstjal ei pære
delte den i tre, kasta den i fre (finn tulleord som rimer)

Ormen Lange kraup som ein sssssssslange
under eit gjerde
sssssssstjal ei pære
delte den i fire, kasta den i lire (finn tulleord som rimer)



R – LYDEN:

R- lyden er den lyden som blir utvikla seinast hjå mange barn. Hos nokre barn ikkje før i 6-7 års alder. Det er lurt å leike med r – lyden for å hjelpe barna som strever med denne.

R – lyd øvingar:

- Gurgle vatn
- Vere vekkarklokke, r-r-r-r-r
- Vere brannalarm, br-br-br-br-br

STYRKING AV LEPPER OG ANSIKTMUSKULATUR

- Press leppene saman så hardt ein kan slik at "glidelåsen" er igjen.
- Lag "kyssemunn" og "kysseylder".
- Blåseleiker: blås såpebobler, blås maling/fjær, med eller utan sugerøyr, drikk med sugerøyr, ha leppene saman og blås som ein motor.
- Ver sur eller blid, munnen ned eller opp i eit stort smil.

- Leik sjukebil: sei O-I-O-I-O-I. Brannbil: BA-BU-BA-BU
- Grimaseleiken: Sett på musikk og lag ulike grimasar medan musikken speler. Når musikken stopper, stivnar grimasen til ei maske. Sjå på kvarandre og prøv å halde maska!

NYTT GJERNE HERMEBOKA I DETTE ARBEIDET.

6. KARTLEGGING OG TILTAK

Det er viktig at alt arbeidet her blir gjort i nært samarbeid med barnas foreldre. Det er og viktig at me ikkje ser på kartlegging av barn som testing. Me skal ikkje teste barna, men me skal kartlegge dei for å sjå kva me i barnehagen må legge vekt på i språkarbeidet.

Det er og viktig at ingen av desse kartleggingane blir overlevert til skulen. All overføring av informasjon om barna til skulen skal vere munnleg.

Kontroll av hørsel



Dersom eit barn i to års alder viser lite teikn til å nytte språket er det viktig å starte kartlegginga med å undersøke barnet sin hørsel. Eit barn som høyrer dårleg kan vise lite interesse for språket. Ta kontakt med helsesøster i samarbeid med foreldra.

Kontroll av syn

Det er viktig å kartlegge synet til barn som strevar med språket, motorikk, sosial samhandling og konsentrasjon. Synsvanskar kan hemme barnet i mange situasjonar. Frå hausten 2016 vil det bli oppretta 30 % stilling som synspedagog i Tysnes kommune. Synspedagogen skal kartlegge og eventuelt gje synspedagogisk opplæring til barn som har svekka samsyn og liknande. Det vil då bli rutine at ein kartlegg synet til alle 6 åringar året før dei byrjar på skulen.

KARTLEGGINGSVERKTØY

Barnehagane skal nytte observasjon og kartlegging av barna ved behov. Barna skal observerast kontinuerleg. Dersom me har mistanke om at eit barn strevar med språk, sosial samhandling, motorikk eller konsentrasjon skal me nytte kartleggingsverktøy for å finne ut kva dei strevar med. Desse vertøya er: "ALLE MED", "TRAS", «SATS 2», «SPRÅK 4» og «ASKELODDEN». Observasjonane kan gjerast av den enkelte vaksne i barnehagen, men må kvalitetssikrast ved at ein går gjennom dei med alle tilsette på avdelinga. SATS 2 og SPRÅK 4 blir også nytta av helsestasjonen, og det er viktig at me samarbeider med dei i høve barn med språkvanskar.

Kartleggingane skal sendast som vedlegg når med melder opp barn med språkproblem til PPT.

SAMARBEID MED PPT OG LOGOPED

Alle barnehagane har ein kontaktperson i PPT på Os. Desse skal ha ein halv dag kvart halvår der dei skal komme på besøk i barnehagen. Desse dagane kan me nytte til å diskutere barn anonymt, eller med namn dersom me har samtykke frå foreldra.

Dersom me er usikre på språkutviklinga til eit barn, skal me kontakte logoped. Logopeden skal observere og kartlegge barnet, for å sjå om det må setjast inn tiltak. Dersom det er nødvendig med tiltak utover det barnehagen sjølv kan setje i verk, skal barnet meldast til PPT slik at dei kan setje i verk tiltak. Det er eige skjema for oppmelding til PPT.

SPRÅKGRUPPER / SPESIALPEDAGOGISK HJELP

Barn som er oppmeldt til PPT på grunn av språket, får logopedtimar nokre timar i veka. I tillegg er det viktig at barnehagen arbeider med språktrening. Her er det nyttig med språkgrupper slik at barna får arbeidet med språket sitt på ein sosial og kjekk måte. Språkgrupper kan ein og nytte dersom ein har barn som ikkje treng hjelp av logoped, men som har enkeltlydar eller liknande dei strevar med. For desse er språkgruppene særst nyttige.

For alle barn som har hjelp frå logoped eller PPT skal det utarbeidast ein INDIVIDUELL UTVIKLINGSPLAN (IUP). For barn med mindre vanskar, som ikkje er oppmelde, skal me nytta TILTAKSPLANAR.

I språkgruppene er SNAKKEPAKKEN eit godt hjelpemiddel. Her er gode, ferdige opplegg som kan nyttast utan at det krev for mykje planlegging. Ein kan nytte ulike spel, lottospel og liknande. Her er det viktig å uttale orda rett. Elles kan ein nytte "Hermeboka" dersom barna treng munnmotorisk trening.

Det er viktig at ein planlegg arbeidet i gruppene godt, og noterer framgangen til barna.

For meir informasjon om arbeid med spesialpedagogisk hjelp, sjå «TOSS – Plan for tilpassa opplæring, spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp i Tysnes kommune».

SAMARBEID MED HELSESTASJONEN

Gjennom gruppa «Barn og Familie» har me no eit tett samarbeid med helsestasjonen. Det er viktig at både barnehagane og helsestasjonen er gode på å nytte samtykkeskjema i høve foreldra, slik at me kan snakke saman om enkeltbarn si språkutvikling. Barnehagane skal ha med samtykkeskjema på foreldresamtalane, slik at ein kan få underskrift dersom det dukkar opp saker under samtalen som me ynskjer å diskutere med helsestasjonen.

OVERFØRING TIL SKULEN

Sjå eigen overgangsplan. Det er viktig at god oppfølging av barn med språkvanskar er sett i gang i barnehagen. Det lettar overgangen til skulen. Det er og viktig med god informasjon til skulen slik at barnet får den hjelp det har krav på frå første dag på skulen.

DEI "FLINKE" BARNA

Me opplever stadig oftare at barn knekk lesekode som 4 – 5 åringar. Det gjer dei fordi me i barnehagen arbeider mykje med språket. Kva gjer me med desse barna? Det er viktig at me allereie i barnehage gjer dei utfordringar. Dette må diskutere, og arbeidast med i den enkelte barnehage. Det kan for eksempel vere nyttig å ha bøker med enkel tekst som dei kan

få lese. Ein kan og la dei få skrive ord på ting som er rundt dei som me kan henge opp. Her må ein nytte fantasien slik at dei får utfordringar på sitt nivå. Så må ein og arbeide meir i høve skulen, slik at dei er klare til å ta imot desse barna, og gje dei utfordringar.

SNAKKEPAKKEN

Snakkepakken er eit svært godt reiskap i arbeidet med språk i barnehagen. Her er mange gode forslag til aktivitetar, og mykje utstyr. Det er viktig i innlæring av ord og omgrep at det kan knytast til konkrete ting. Snakkepakken er lagt opp ut frå dette. Alle kan nytte dette utstyret, og det er gode, ferdige opplegg som er lette å bruke. Snakkepakken kan nyttast saman med barna i leik, i samlingsstunder, i språkgrupper, i garderoben og mykje meir. Bruk fantasien!

Det skal vere innføring i bruk av snakkepakken kvar haust for nye tilsette.

SPRÅKLEIKEN BRAVO

Språkleiken BRAVO er ein leik som fremjar barna si språkutvikling, og som aukar ordforrådet til barna. Ved å nytt store ordkort kombinert med bilete, konkrete ting og sansemotoriske aktivitetar, blir barna kjende med sansane sine og med skriftspråket. Barna brukar alle sansane, og lærer mange nye omgrep. Bravo fremjar barnas motoriske utvikling, og førebur barnet på lese- og skriveinnlæring.

Ordbileta skal bli presentert i høgt tempo, med stor entusiasme, ein gong kvar dag. Ved å gjenta desse øktene kvar dag, skapar ein gode, varige koplingar i hjernen. Øktene med lese korta blir kombinert med sansemotoriske aktivitetar. Nyare hjerneforskning hevdar at jo fleire nettverk i hjernen ein stimulerer tidleg, jo breiare er grunnlaget for oss til å plukke opp kunnskap vidare i livet.

Barn har ein enorm læringskapasitet. 90 % av hjernen vert utvikla før barnet er 5 år. Aldri seinare i livet går utviklinga så raskt. Sjølv om små barn seier lite, forstår dei veldig mykje. Hjernen er ikkje like barnsleg som vokabularet.

Tilstrekkeleg med oksygen er viktig for barna si læring. Derfor er det lagt inn fysisk aktivitet mellom stasjonane med lese kort. Me nyttar grunnleggande aktivitetar som rulle, krype, hoppe, åle og liknande.

ALLE BARNEHAGENE SKAL NYTTA BRAVO FAST GJENNOM HEILE ÅRET.

Det skal være innføring i Bravo kvar haust for nye tilsette.

KVAR SAMLINGSSTUND SKAL INNEHALDE:

- Song
 - Samtale om dagar, månadar, år og vær
 - klapping av rytme i ord eller setningar
 - rim eller regle
 - leik med ord, som for eksempel setje saman to ord til eitt (stor avdeling)
- SPRÅKSPRELL**
- samtale

KVAR SAMLING I FØRSKULEGRUPPA SKAL INNEHALDE:

- song
- rim / regle
- leik med bokstavar og tal
- rytme: klappa rytme i ord eller setningar
- ein leik frå SPRÅKSPRELL
- ei oppgåve med læring av omgrep
- matematiske oppgåver
- høgtlesing frå bok

I dette arbeidet kan ein nytte: "På skole med lille Ole", "Språkleiker", "Språkglede i barnehagen", "Med mattebriller i barnehagen", "Filosofiske samtaler i barnehagen"

I heftet "På skole med lille Ole" finn ein ei A4 side for kvar bokstav i alfabetet. Det kan kopierast, fargast, laminert og hengast opp på vegg.

Dette er aktivitetar som skal vere med i kvar samling i førskulegruppa. Ut over dette kan samlinga fyllast med aktivitetar ut frå eige ønske.

FRAMANDSPRÅKLEGE BARN

Me får ikkje ekstraressursar til framandspråklege barn. Det er likevel viktig at dei får litt ekstra oppfølging. Me kan prøve å få til i språkgruppe for dei framandspråklege barna. Her er og SNAKKEPAKKEN det beste hjelpemiddel. Det krev ikkje mykje førebuing og er enkelt i bruk. For framandspråklege barn er det viktig å knytte gjenstandar til nye ord dei skal lære. Snakkepakken tek føre seg tema og ord som me nyttar kvar dag i barnehagen, og er derfor særst god å nytte til arbeidet med framandspråklege barn.

Det kan og vera nyttig å laga ei oversikt med 30 nye ord kvar månad. Denne oversikten får barna med seg heim, slik at dei kan øve på desse heime i lag med foreldra. Kvar månad får dei 30 nye ord. Dette kan vere dei same orda som ein arbeider med i språkgruppa.

Bravo er også eit godt reiskap i arbeidet med språkutviklinga til framandspråklege barn.

Kvart år kan ein søkje kommunen om minoressursar til arbeidet med framandspråklege barn. Sjå «Handboka for arbeid med minoritetsspråklege barn i barnehagen».

UTSTYR SOM MÅ VERA I BARNEHAGANE:

- Posar av stoff til "hemmeleg pose" og anna
- Forteljarkort
- Sing Sang kort
- Biletесongar
- Ryddekort (sjølvlaga)
- Rim og reglekort (sjølvlaga)
- A4 ark med farga, laminerte bokstavar til å henge opp
- Bøker utan ord
- "Hermeboka"
- "På skole med lille Ole"
- Snakkepakken
- "Språkglede i barnehagen"



- "Språksprell"
- Utstyr til skrivedansen
- Flippover
- Ulike spel
- Lamineringsmaskin
- Tras
- Alle med
- Språk 2
- Sats 4
- Askeladden test
- Samling av oppgaver til omgrepsinnlæring (over, under, stor, liten og så bortetter)
- "Du og eg og vi to"
- "Steg for steg"
- Hefter med teikn til tale (finnes i Myklestad barnehage til kopiering)
- "Med mattebriller i barnehagen"
- "Filosofiske samtaler i barnehagen"
- Språkleiken BRAVO
- Skrivedansen

DENNE PLANEN SKAL REVIDERAST OG OPPDATERAST ANNAKVART ÅR.

Adresse for bestilling av skjema til SATS 2 og SPRÅK 4:

**Designtrykkeriet
Postboks 3671
5829 Bergen**

E-post adresse: spraak@designtrykkeriet.no

